


4.525 kroner til bibliotekprosjektet!**17.06.2010**

På sommarfesten onsdag hadde oppvekstsenteret basar til inntekt for bibliotekprosjektet dei skal starte med til hausten.



Rektor Vidar Haugland fortel at han til basaren fekk inn ei mengd flotte gåver frå verksemder og enkeltpersonar i bygda, slik at det kom inn 4525 kroner på ein halv time.

Rektor Vidar Haugland - med ambisiøse planar for biblioteket.

- Eg sender ein kollektiv takk til alle som på denne måten var rause med oppvekstsenteret, seier Haugland.

Bibliotekprosjektet 'Trengsel på biblioteket' er eit felles prosjekt for skulen og barnehagen. Det er stort opplagt og har eit budsjett på 236.000 og dei har søkt Universitetet i Agder om halvparten, men fått avslag.

Rektor Haugland opplyser til uskedalen.no at dei likevel vil starte opp prosjektet, med nokre midlar - ca. 40.000 kroner. Av denne summen har FAU gjeve 20.000 og dei tek 15.000-20.000 av budsjettet.

- Kva er hovudmålet eller visjonen for prosjektet?

- Det er å få eit bibliotek som innbyr til lesing og fagleg utvikling. Dette skal vera hjartet i Oppvekstsenteret. Resultatmålet er at alle borna nyttar seg av biblioteket minst ein gong for veka og får positive opplevingar der.

- Korleis er framdriftsplanen?

- Den er omfattande og går ut på møblering av biblioteket, innkjøp av bøker og digitale hjelpemiddel. Smartboard og prosjektor vil vera på plass i august etter at det er teke midler til desse frå databudsjettet. Vidare blir det mellom anna planlagd forfattarbesøk - Bjørn Sortland kjem i oktober. Andre postar er bokcafear og leseprosjekt, opplyser Haugland.

Av Ola Matti Mathisen